

Austrheim kommunestyre

fred

Utsette sal av aksjar

Av Ketil Tjore
ketil@strilen.no

AUSTRHEIM: Formannskapet hadde sagt ja til å selja kommunen sine aksjar i Breidvik eigedom AS for ein million kroner, men då saka kom opp i kommunestyret onsdag vart bremsene sett på. Eit fleirtal på 10 representantar avgjorde utsetting, mot eit mindretal på sju (Ap sine fem, Harald Sognnes frå Høgre og Liv Ulvøy frå Venstre).

Kommunen har i si tid fått aksjane mot å bytta inn eigedom verdsett til 670.000 kroner.

Usikker pris

Avtalen som var lagt fram for kommunestyret, tilsa at Odd Arne Blindheim skulle få opsjon på å kjøpa aksjane for ein million kroner, og at kommunen vidare skulle overføra salssummen til Austrheim Næringssselskap AS for dekning av kostnaden med ein prosjektleiar for prosjektet «Austrheim heile livet», som mellom anna skal jobba fram ny busetnad og nye næringar i kommunen.

– Dersom me gjer det på denne måten, kan me få private til å gå inn og støtta denne prosjektstillinga med pengar. Det gjer dei ikkje om prosjektleiar er tilsett direkte hjå kommunen, sa ordførar Ole Lysø.

Fått meir

Men fleire i kommunestyret hadde spørsmål til både salssummen og overføringa til næringssselskapet.

– Kvar kjem summen på ein million kroner frå, lurte Edvard Bjerkestrand.

– Kanskje kunne me fått meir for desse aksjane på den frie marknaden. Men då kan me få inn folk som kanskje skal tena raske pengar. Med dei som driv dette no, me veit kva me får, repliserte Lysø.

Arnt M. Lundal (Høgre) ville vita kva som er marknadspris, og ba om at det vert undersøkt om andre eigarar i selskapet har forkjøpsrett på aksjane. Heller ikkje Solveig Hopen (H) var nøgd med saksframlegget, og eit framlegg frå Høgre om å utsetta saka fekk fleirtal.

Overskot kan berga fonda

AUSTRHEIM: I budsjettrevisjonen for 2. tertial er det lagt opp til å redusera avsetningane til fond, for å dekkja inn auka utgifter i dag. Dette er noko økonomisjefen ikkje har jubla for, for det kan gjera det vanskelegare for kommunen i perioden etter 2014, då det var meininga å henta ut att desse avsette midlane. Edvard Bjerkestrand (KrF) stilte spørsmål ved om ein kunne berga desse avsetningane, og fekk til svar frå rådmann Osen at det var mogleg at skatteinngangen i 2011 vart så god at fondsavsetningane kunne vera i fred.

Spørsmål om ordførarløn

AUSTRHEIM: Øivind Levinsen (Frp) stussa ved at kommunen dette året må betala løn til to ordførarar på ein gong. Også i Austrheim får avtroppande ordførar løn ei tid etter byttet, noko som kostar kommunen 200.000 kroner ekstra i 2011.

– Kvar er det vedtaket som godkjenner dette, ville Levinsen vita, og ba om at dette vart sendt han neste arbeidsdag. Avtroppande ordførar Ole Lysø repliserte at han sjølv hadde gått på gangen då saka var oppe i formannskapet, men at det nok var representantar tilstades som hadde vore med og løyvd pengane.

– Det er no fleire her som er i formannskapet, du kan spørja dei om du ikkje trur på meg, sa Lysø.

VEDTAK I MØTET

(samrøystes om ikkje anna er presisert)

- Reguleringsplan for Toftgård vedteken, skal gje plass til seks nye bustader i eit prosjekt hjå Geir Daae.
- Austrheim seier ja til felles forliksråd med Radøy og Fedje. Radøy får to medlemmer, Austrheim eitt, Fedje får vara. Vedtaket seier at ordførarane skal sjå på kven som får leiarvervet i rådet.
- Austrheim seier ja til felles adresseforskrift saman med nabokommunane.
- Kommunestyret tok budsjettrevisjonen for 2. tertial til vitande.
- Sal av aksjar i Breidvik eigedom AS vart utsett med 10 mot 7 røyster, sjå eiga sak.
- Samrøystes for å få ferdig idrettsparken med gjerde og flaumlys no, sjå eiga sak.
- Austrheim kommune kjøper eit areal frå John Sætre for 67.000 kroner. Flekken ligg ved kommunehuset, mellom fylkesvegen og Sætremarka burettslag.

Utvandringscenteret har fått venneforening

Av Hans E. Storheim
hans.egil@strilen.no

Utvandringscenterets venner på Radøy vart stifta 19. september, med Oddmund Skjelvik som leiar.

Han har frå starten av vore ein viktig støttespelar for senteret, og var også sentral for å få gjennomført den praktiske flyttinga av kyrkjebygget, som vart rive ned og flytta frå Brampton i USA.

Også den tilsette avdelingsleiareren ved senteret, Ida Dyrkorn Heierland, er engasjert i venneforeninga. Den har som føremål å skapa interesse for og støtta opp om drift og vidareutvikling av Vestnorsk Utvandringscenter. Det skal skje i samarbeid med både stiftinga og Museumscenteret i Salhus, som er ansvarleg for den økonomiske drifta.

Høgaste prioritet no er medlemsverving, går det fram av ei pressemelding. Målet er å verva 300 medlemmer i løpet av to år, kanskje 500 på litt sikt. Så langt har 85 person- og familiemedlemmer meldt seg inn, pluss nokre bedrifter.



LEIAR: Oddmund Skjelvik har tatt på seg vervet som leiar i Utvandringscenterets Venner. (Arkiv)

I ein vervekampanje som pågår, lokkar venneforeninga med ein Amerika-tur hausten 2012 som premie. Verdien av turen er 20.000 kroner, som venneforeninga tek sikte på å dekkja gjennom sponsorstøtte.

Venneforeninga vil også bidra når senteret i 2012 startar opp med regelmessige temakvelder med fagleg innhald. Dei vert opne for alle interesserte.

Flytande i Austrheim

AUSTRHEIM: Medan andre kommunar vel å binda seg til masta, vil Austrheim-rådmannen halda på flytande lånerente.

– Me har hatt som politikk å ha ei flytande rente, og det er det som har gjeve best resultat tidlegare. Ein kan få gunstige tilbod på å binda renta i tre, fem eller ti år, men desse rentene er likevel høgare enn det me betaler i dag. Slik eg ser det kan lånerenta heller gå ned enn opp, og det å halda renta flytande er absolutt best, sa rådmann Jan Olav Osen til kommunestyret. Ingen sa seg usamd.

Folkemøte på testsenteret

Av Hans E. Storheim
hans.egil@strilen.no

Utsleppsløyvet som testsenteret for CO₂-fangst på Mongstad har fått denne veka, vert tema på eit folkemøte som Test Center Mongstad (TCM) inviterer til 31. oktober.

Møtet vert på sjølve testsenteret, og i samarbeid med Lindås og Austrheim kommunar, melder TCM sin informasjonsleiar Vegar Stokset i ein e-post fredag.

Etter Klima- og Forureiningsdirektoratet si vurdering vil ut-

sleppa frå TCM verken isolert eller samla sett gje uakseptable verknader for helse og miljø.

På møtet vil TCM informera grundig om testverksemda som snart startar opp. I tillegg til TCM sine representantar, vil også kommunane, Klif og Statoil Mongstad stilla med utsendingar som informerer frå sin ståstad.

I etterkant vert det høve til å få ei omvising på anlegget. Sjølve møtet vert i eit stort telt ved TCM sin prosjektrigg, med skilting frå rundkøyringa på Mongstad.

SAGT I MØTET

– Om ein ikkje vert einige, kan ein få forliksrådet i Lindås til å avgjera dette.

Knut Risnes om fordelinga av verv i forliksrådet

– Me har innskjerpa kraftig at alt arbeid skal vera på anbod, ikkje på time slik det var for elektroarbeid på Kaland skule.

Ole Lysø om oppussinga som vart dyrare enn tenkt.

– Ønsker nokon ordet? Ingen?

Lysø skundar på i sitt siste kommunestyremøte

FAKTA

- Austrheim kommunestyre, torsdag 19. oktober klokka 18.00 til 20.20.
- Møtte: Edvard Bjerkestrand, Knut Risnes og Else Utkilen (alle KrF), Liv Ulvøy og Torunn Helland Karlsen (begge Venstre), David Ludvigsen og Øivind Levinsen (begge Frp), Reidar Øksnes (Sp), ordførar Ole Lysø, Per Lerøy, Mona Myrmel Leikvoll, Terje Håland og Asbjørn Brandtun (alle Ap), varaordførar Harald Sognnes, Solveig Hopen, Arnt M. Lundal og Kari Utkilen (alle Høgre). Frå administrasjonen møtte Jan Olav Osen. Odd Arne Blindheim orienterte om status for prosjektet «Austrheim heile livet».



Radon ?

Vi utfører tiltak mot radon i bygg med høyt radonnivå.

Tlf: 55 34 90 00

Effecta as
Sopp- Radon- & Skadedyrkontroll

SOPP- RADON- & SKADEDYRKONTROLL - www.effecta.no